



18 urner vart fylt med påskeliljer tysdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tysdag føremiddag var det ein fin opptakt til påska i Uskedalen: Aslaug og Henrik Lyse planta påskeliljer i 18 urner frå Rød til Eidsvik.

Dei synest som mange andre at det er triveleg å kunne gjera ein innsats for bygda og oss som bur her. Men litt irriterte var dei, fordi nokon har trilla bort den eine urna ved busshaldsplassen på Korsnes og det har skjedd for andre gongen. I fjor vart ei urne kasta i elva av ein eller annan "sterk kar". Med andre ord er det nokon som er frista til å gjera hærverk også her og det er nedslåande.

Men førebels skal vi alle gle oss over den gule fargeprakten langs riksvegen.
Heldigvis var det att nok pengar på ein slunken blomekonto til å klare dette løftet, men no er kontoen også så godt som tom.
Skal det omsider bli sommarblomer i urnene må han fyllast opp att.
Kan det skje utan at det blir sendt ut giroar?

Kontoen er framleis 3460.1189595!

Av Ola Matti Mathisen